

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Måndag 11. november 2024 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Svein Terje Brekke.

|                                  |                                                                                                                                                 |
|----------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>MØTESTED:</b>                 | Tysvær rådhus, formannskapssalen                                                                                                                |
| <b>MØTESTART/SLUTT:</b>          | Kl. 14.00 – 15.15<br>(Opplæring 13.00 – 14.00)                                                                                                  |
| <b>MØTENDE MEDLEMMER:</b>        | Svein Terje Brekke (Krf), Stig Hop (INP),<br>Bodil Elvie Varpen Tungland (Ap),<br>Karsten A. Larsen (Frp), og Åse-Berit<br>Apeland Rolland (Sp) |
| <b>MØTENDE VARAMEDLEMMER:</b>    | Ingen                                                                                                                                           |
| <b>FORFALL:</b>                  | Ingen                                                                                                                                           |
| <b>FRA SEKRETARIATET MØTTE:</b>  | Utvalssekretær Sjur Hatlen - Haugaland<br>Kontrollutvalgssekretariat IKS                                                                        |
| <b>FRA ROGALAND REVISJON:</b>    | Oppdragsleder revisor Edith Sætrevik                                                                                                            |
| <b>FRA ADMINISTRASJONEN:</b>     | Rådmann Sigurd Eikje,<br>kommunalsjef teknisk og næring<br>Asbjørn Mo i sak 26                                                                  |
| <b>ANDRE SOM MØTTE:</b>          | Ordfører Monika Lindanger                                                                                                                       |
| <b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b> | Ingen                                                                                                                                           |
| <b>MERKNADER TIL SAKLISTEN:</b>  | Sak 26 blei handsama som siste sak                                                                                                              |

Utvalsleiar hadde teke initiativ til ei opplæringsøkt i forkant av møtet.

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 25/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 09.09.24

##### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 09.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 11.11.24:**

Utvalet hadde ingen merknader. Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.11.24:**

*Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 09.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 26/24 ORIENTERING OM TEKNISK OG NÆRING – V/ KOMMUNALSJEF**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Tysvær kontrollutval tar kommunalsjef Asbjørn Mo sin gjennomgang om «Teknisk og næring» til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 11.11.24:**

Kommunalsjef for teknisk og næring Asbjørn Mo viste ein presentasjon og orienterte om sitt ansvarsområde. Han viste organisasjonskart over dei ulike einingane innan teknisk og fortalde om nøkkeltal og om korleis tenestene innan resultatområde er organisert.

Utvalet blei vidare orientert om utfordringar knytt til rekruttering av fagpersonar, investeringar på VA-området og gebyrkonsekvensar for innbyggjarane. Dette er utfordringar Tysvær deler med fleire andre kommunar. Teknisk ser heile tida på smartare måtar å arbeide på gjennom, organisering, arbeidsflyt, digitalisering og samarbeid med andre kommunar og næringslivet. Det er fokus på eit kontinuerlig forbetringsarbeid mellom anna med timeregistrering hos dei tilsette.

Det blei gjennomført ein organisasjonsgjennomgang av teknisk i 2022 etter bestilling frå kommunestyret.

Medlemmene spurde mellom anna om korleis teknisk balanserer tenester i eiga regi versus kjøp av tenester og om teknisk tar i mot lærlingar.

Leiar takka for ei interessant og lærerik orientring.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.11.24:**

*Tysvær kontrollutval tar kommunalsjef Asbjørn Mo sin gjennomgang om «Teknisk og næring» til orientering.*

## **SAK 27/24 BESTILLING AV NYTT PROSJEKT – «ARBEIDSMILJØ OG SYKEFRAVÆR»**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Arbeidsmiljø og sykefravær» i tråd med prosjektmandatet frå Rogaland Revisjon datert 27.09.24.  
Ramma vert sett til 300 timar.

### **Handsaming i kontrollutvalet 11.11.24:**

Revisor gjekk gjennom formål og problemstillingane som var føreslått i mandatet, og svara på spørsmål frå medlemmene. Utvalet var nøgd med mandatet slik det var lagt fram.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.11.24:**

*Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Arbeidsmiljø og sykefravær» i tråd med prosjektmandatet frå Rogaland Revisjon datert 27.09.24.*

*Ramma vert sett til 300 timar.*

## **SAK 28/24 MØTEPLAN FOR 2025**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2025:

måndag 10. februar, 12. mai, 16. juni, 15. september og 10. november kl. 14.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

### **Handsaming i kontrollutvalet 11.11.24:**

Leiar las opp forslag til møteplan. Karsten A. Larsen opplyste at møte i juni er avlyst fleire gonger tidligare, og at det difor burde stå «endre møtedato eller avlyse møte» i vedtaket. Utvalet støtta forslaget.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.11.24:**

*Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2025:*

*måndag 10. februar, 12. mai, 16. juni, 15. september og 10. november kl. 14.00.*

*Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato eller avlyse møte om det vert naudsynt.*

## **SAK 29/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 11.11.24**

28. Statusrapport pr. november 2024
29. KST-vedtak 17.09.24 - Ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
30. Protokoll frå ekstraordinært møte i Haugalandsrådet 07.10.24
31. Protokoll frå møtet i Haugalandsrådet 25.10.24
32. Innkalling til rep. møte i Haugaland brann og redning 08.11.24
33. Invitasjon til NKRF sin fagkonferanse 29-30. januar 2025 på Gardermoen

### **Handsaming i kontrollutvalet 11.11.24:**

Leiar gjekk gjennom referatsakene. Medlemmene diskutert deltaking på NKRF sin fagkonferanse. Utvalet blei samd om at dei som ønskjer å delta melder frå til leiar/sekretær.

Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.11.24:**

*Referat- og orienteringssakene nr 28 – 33 blir tatt til orientering.*

### **EVENTUELT**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

**Neste møte:** måndag 10.02.25, kl. 14.00

**Saker:** orientering frå økonomiavdelinga og utvalet si årsmelding for 2024.

Aksdal, 11.11.24

Svein Terje Brekke  
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen  
Utvalssekretær